



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for
Raudøya naturreservat og landskapsvernområde
Ørsta kommune



Rapport 2011:21

Forvaltingsplan for Raudøya

Framsidedfoto: Raudøya sett frå Hareidlandet. Fotograf ukjent.

Forvaltingsplan for Raudøya

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:
 2011:21

Dato:
 22. desember 2011

Tittel:
 FORVALTINGSPLAN FOR RAUDØYA NATURRESERVAT OG
 LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Forfatter:
 Åsmund Skålvik, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:
 Forvaltingsplanen for Raudøya naturreservat og landskapsvernområde i Ørsta kommune er den 22.12.2011 godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med heimel i «Forskrift om vern av Raudøya som naturreservat, Ørsta kommune» av 13. oktober 2000, pkt. VII og «Forskrift om vern av Raudøya som landskapsvernområde med plantelivsfreding, Ørsta kommune», av 13. oktober 2000, pkt. VII.

Referat:
 Raudøya naturreservat og Raudøya landskapsvernområde vart verna i 2000 som ein del av verneplan for barlind og kristtorn i Møre og Romsdal. Raudøya naturreservat og landskapsvernområde. Føremålet med vernet av naturreservatet er å sikre eit naturmiljø med ein stor og vital førekomst med kristtorn i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga i landskapsvernområdet er å sikre kultur- og naturlandskapet på Raudøya og holmane ikring. Naturreservatet omfattar dei sørvendte delane av Instøya, medan landskapsvernområdet omfattar resten av Raudøya med holmane på nordsida. I naturreservatet finst ein vital kristtornførekomst med stor verdi, medan landskapsvernområdet også er eit viktig kulturlandskap med slåttemark, beitemarker, kystlynghei og kulturminne. Utfordringane framover vert å unngå gjengroing av Raudøya med framande artar og annan tre- og buskvegetasjon. Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år.

Emneord:
 Naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, vegetasjon, kristtorn, kulturlandskap, kystlynghei, biologisk mangfald.

ISBN (Pdf - utgåve) 978-82-7430-247-1
 ISBN (Papirutgåve) 978-82-7430-246-4
 ISSN 1891-876X



Ulf Lucasen
 Seksjonssjef



Lindis Nerbø
 Direktør miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for Raudøya

Innhald

1	INNLEIING	7
	Kvifor vern ?	8
2	NATURGRUNNLAGET	9
2.1	Områdeskiltring	9
2.2	Eigedomsforhold	10
2.3	Brukshistorie.....	11
2.4	Naturfaglege verdier	12
2.5	Kulturminne.....	15
2.6	Bevaringsmål	16
3	BRUKARINTERESSER	22
3.1	Verneforskriftene og brukarinteresser	22
3.2	Primærnæring – jordbruk og skogbruk.....	22
3.3	Jakt og fiske	23
3.4	Friluftsliv og rekreasjon.....	24
3.5	Undervisning og forskning	26
3.6	Bygningar og tekniske inngrep.....	27
3.7	Kystverket.....	28
4	FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	28
4.1	Skjøtsel og forvaltningstiltak.....	28
4.2	Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	30
4.3	Informasjon og tilrettelegging	31
4.4	Oppsyn.....	32
5	SAKSHANDSAMING	33
5.1	Forvaltingsstyresmakt.....	33
5.2	Lovverk, føringar og forvaltning	33
6	FORVALTINGSPLANENS TIDSPERSPEKTIV	36
7	REFERANSAR.....	37

Vedlegg:

1. a og b. Verneforskrift for Raudøya naturreservat og landskapsvernområde
2. Flyfoto med registrerte framande treslag Raudøya
3. Registrerte karsporeplanter
4. Registrerte fuglar
5. Registrerte pattedyr
6. Kulturminne på Raudøya
7. Informasjonstavle for Raudøya
8. Forvaltingsoppgåver og tiltak
9. Saksbehandling av forvaltingsplanen (etter høyring)

Forvaltingsplan for Raudøya

1 INNLEIING

Raudøya naturreservat og landskapsvernområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 13. oktober 2000. Naturreservatet som ein del av verneplan for barlind/kristtorn i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga i naturreservatet er; ” å sikre eit naturmiljø med ein stor og vital førekomst med kristtorn i Møre og Romsdal”. Føremålet med fredinga i landskapsvernområdet er; ” å sikre kultur- og naturlandskapet på Raudøya og holmane ikring”. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt for begge verneområda. I tillegg vart det eine av dei fem bruka på Raudøya sikra som offentleg friluftsområde i 2001, her er òg fylkesmannen forvaltingsansvarleg medan Ørsta kommune står for tilsyn og drift.

Raudøya naturreservat og landskapsvernområde ligg i Ørsta kommune yst ute i Ørstafjorden der Vartdalsfjorden møter Voldsfjorden. Verneområda omfattar Raudøya, Raudøyholmen og Blæja. I 2003 blei det avsett midlar til kartlegging av registrering og samanfatning av eksisterande kunnskap om historie, kulturlandskap og naturverdiar på Raudøya. Dette resulterte i ein rapport laga av A.O. Folkestad i 2006. Rapporten inneheld eit framlegg til skjøtselplan og tiltaksplan. Dette er ein grundig rapport og mykje av den naturfaglege og kulturhistoriske informasjonen i denne rapporten er henta derifrå.



Figur 1 Som einaste øya i Ørsta kommune ligg Raudøya yst i Ørstafjorden.

Bakgrunnen for at fylkesmannen ønskjer ein forvaltingsplan for Raudøya er mellom anna bruken av øya som rekreasjonsmål. Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som har ansvar for friluftsmålet og handhevar lov om kulturminne. Forvaltingsplanen for verneområda på Raudøya skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformåla i samsvar med verneforskriftane. Han skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområda ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafor området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyresmakt.

Som rettleiing for denne planen er Direktoratet for naturforvaltning (DN) si handbok nr.17-2001 med oppdateringar frå september 2010 i medhald av naturmangfaldlova. Dette er den første forvaltingsplanen som er utarbeidd for dei verna områda på Raudøya med holmane omkring.



Figur 2 Heile Raudøya er verna. Den austre delen av hovudøya er òg sikra til ålment friluftsmål.

Forvaltingsplanen for Raudøya er delt i to hovuddelar; den første delen (kap. 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap. 4-6) omhandlar forvaltingsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslåtte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kvifor vern ?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgiving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gir at all natur og alle arter har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Raudøya er eit lite område i areal, men er eit særst viktig område for mellom anna fleire hekkande fuglearter og for andre fuglearter under trekk og overvintring. Raudøya er òg eit kulturhistorisk dokument gjennom fornminne og kulturlandskapet. Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkningsfaktorar. Å verne område som naturreservat etter naturvernlova (no den nye naturmangfaldlova, forkorta (NML) gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet for framtida.

Verneforma naturreservat etter NML § 37

Som naturreservat kan vernast område som mellom anna inneheld truga, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype eller på annan måte er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

Verneforma landskapsvernområde etter NML § 36

Som landskapsvernområde kan vernast natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevingsverdi, eller som er identitetsskapande. Til landskapet reknast også kulturminne som bidrar til landskapet sin eigenart. Landskapsvernområde er den svakaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

2 NATURGRUNNLAGET

2.1 Områdeskildring

I nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap er Raudøya ein del av landskapsregion 21, ytre fjordbygder på Vestlandet.

Som den einaste øya i Ørsta kommune ligg Raudøya ytst i Ørstafjorden midtvegs mellom Rjåneset og Steinneset. Hovudøya utgjer ein vestre del kalla Ytsteøya og ein austre del kalla Instøya. Heile øya er 1,7 km lang og Ytsteøya er 425 meter brei mens Instøya er 385 meter brei. Høgste punktet ligg på Instøya og målar 39,5 meter over havet. I tillegg til hovudøya inngår òg Raudøyholmen og eit stort skjer med namnet Blæja i landskapsvernområdet.

Berggrunnen består i hovudsak av harde gneisbergartar som inneheld band og flekkar av mørk lettare forvitrelege bergartar. Delar av berga er blankskurd, men på sidene av slake ryggar finn ein ofte eit tynt lausjorddekke, dels morene og dels marine avsetjingar. Ved dei brattaste berga i sør finn vi òg blokkmateriale. Rullesteinsmark finn vi nær ved og i sjølve strandsona. Inne i førekomstane av kristtorn er jordsmonnet mørk mold, med innslag av stor stein. Store delar av øya er dekt av torv. Alle dei djupaste lausavsetningane har vore dyrka.



Figur 3 Raudøya som del av verdifullt kulturlandskap i landskapsregion ytre fjordbygder på Vestlandet.

Forvaltingsplan for Raudøya

Raudøya naturreservat utgjer 78 dekar ifølgje forskrifta. Markslaga er fordelt slik: 48 % lauvskog, 51 % anna jorddekt fastmark og 1 % vatn. Lauvskogen er av høg bonitet (produksjonsevne).

Raudøya landskapsvernområde utgjer 380 dekar ifølgje forskrifta. Markslaga er fordelt slik; 1 % barskog av høg bonitet, 21 % lauvskog der 26 da. ikkje er produktiv og 14 da. middels produktiv, 53 % anna jorddekt fastmark, 1 % grunnlendt mark, 1 % fjell i dagen, under 1 % vatn, 21 % dyrka mark og ca. 1 % innmarksbeite.

I følgje den meteorologiske målestasjonen i Ørsta har vi eit oseanisk klima med milde vintrar og relativt låge sommartemperaturar med eit årsgjennomsnitt på 6,4°C. Middelterperaturen for januar er -0,3°C og middeltemperaturen for juli er 13,8°C. Varmaste månadene er juli og august. Gjennomsnittlig nedbørsmengd er høg med over 2000 mm medbør, berre månadene mai og juni har under 100 millimeter nedbør. Det er store lokale forskjellar og vi har ikkje eigne målingar for Raudøya.

2.2 Eigedomsforhold

Raudøya naturreservat gjeld i følgje verneforskrifta følgjande gnr/bnr: 64/1,2,4 og er på om lag 78 da. Så godt som alt areal ligg på statens grunn på gnr/bnr 64/1. Raudøya landskapsvernområde omfattar i følgje verneforskrifta følgjande gnr/bnr: 64/1,2,3,4 og 5, og er på om lag 380 da. Ut frå nytt kartgrunnlag ser det ut som om det er feil i begge forskriftene. Naturreservatet omfattar ikkje 64/4, og landskapsvernområdet omfattar i tillegg 64/5. Dette vil bli retta med det første



Figur 4 Oversikt over dei ulike bruksnumra på Raudøya.

Bruksnummer 1 kom på sal i 2000, og Staten nytta då forkjepsretten for å sikre dette bruket til friluftsføremål for ålmenta sine interesser. Bruksnummer 2/4 er eit felleseige med minst 26 partar. Bruksnummer 3 og 5 er i privat eige med ein eigar kvar. Hyttetomta på Lågøya er ikkje skilt ut, men det ligg føre kjøpsavtale med eigaren. Hytta vart bygd (flytta frå bnr. 1) i 1949.

2.3 Brukshistorie

Raudøya har vore busett frå svært tidleg og truleg nokså samanhengande heilt opp til ny tid. På øya er det registrert mange gravrøyser både på den vestre og austre delen. Det er påvist fossilt åkerlandskap, og lokalisering av øya, saman med terrengformasjonane har truleg gjort dette til ein sentral og svært gunstig plass for busetnad. Ut frå det som ligg føre av opplysningar, var det frå før 1603 samanhengande busetnad på hovudbruket på Instøya (Myklebust 1933). Raudøya var busett fram til 1962, då siste oppsitjarane flytta til fastlandet. Første tida etterpå vart det drive eit visst vedlikehald av jordbruksareala, både med litt åkerdrift og ved slått/beitedyr, lengst på bnr. 1 og bnr. 4, men etter kvart vart kulturlandskapet i praksis ikkje skjøtta. (Folkestad 2006)

Vi må gå ut frå at “alt” areal på Raudøya har vore kultivert på ein eller annan måte, enten som åkerland, slåttemark eller beite opp gjennom historia. I år 2000 blei det sett ut utgangarsau på Raudøya. Desse hadde då tilgang til heile øya. Beitet på gnr/bnr 64/1 opphøyrd i 2002 grunna beiteskader på kristtorn i reservatet. Det vart då sett opp eit gjerde for å halde sauene unna Instøya som omfattar reservatet og store delar av landskapsvernområdet.

Ein viktig naturtype på Raudøya er kystlynghei. Kystlynghei er eit samleomgrep for trelause, lyngdominerte heiar langs kysten. I Noreg vart dei danna alt for ca. 4000 år sidan av menneske som mellom anna trong beiteområde for husdyr, særleg vinterstid. Dei vart danna og halde ved like ved brenning, beite og slått. Raudøya er ein del av eit slikt gammalt beiteområde for sau. Det er ikkje kjend at kystlyngheia på Raudøya har vore brend i nyare tid. Kystlynghei er ein menneskeskapt naturtype og er derfor avhengig av skjøtsel for å bestå. Fortsatt beiting av sau er derfor ei “førstehjelp” for å oppdretthalde verneføremålet i landskapsvernområdet.



Figur 5 Instøya med velstelt innmark fotografert 1956. Foto: Ukjend

Det er funne spor etter uttak av torv i myrane oppe på det høgaste punktet på Instøya. Det finst fleire kjende automatisk freda kulturminne i reservatet og landskapsvernområdet. Gardane på Raudøya hadde setrar på “fastlandet” på Rjånessida.

2.4 Naturfaglege verdiar

Det er den historiske bruken av landskapet som har gitt det kulturlandskapet vi finn i dag og som gjer øya verneverdig. Utviklinga i landbruket “stoppet opp” på slutten av 1950-talet, så vi får eit bilete av driftsformane før dei store rasjonaliseringsendingane som har skjedd elles i landbruket. Dette i tillegg til førekomsten av kristtorn og omfanget av denne arten gjer Raudøya så spesiell at samfunnet har verna heile øya.

Fugle- og dyreliv

Det har ikkje vore gjort noko systematisk registrering av andre dyreartar enn pattedyr og fugl, korkje i strandsona eller på land. Ut frå landskap, vegetasjonstypar og lokalklima er det grunn til å tru at artsutvalet av ulike dyregrupper kan vere relativt stort, m.a. av kulturmarkstilknytte artar. Mellom anna er det notert ein god frekvens av tordivel, ein art som har gått markert attende i moderne jordbrukslandskap og som dreg fordel av husdyrgjødsla engområde med lite kunstgjødsel og maskinell drift. Det er og funne hagesnegl, ein art som er knytt til område av høgare bonitet og gunstig lokalklima.

Det er registrert 9 pattedyrartar, jamfør vedlegg 5. Heile fem av desse er reine sjøpattedyr, tre selartar og to kvalartar, nokre regelmessige, andre tilfeldige gjester. Av desse er det først og fremst steinkobbe og nise som er vanlege i farvatna rundt øya. Av dei andre pattedyra er karakteristisk nok ytterlegare to knytte til sjøen og strandsona.

I alt er det notert 91 ulike fugleartar på og ved Raudøya, av desse 55 påvist, truleg eller mogleg hekkande. Artslista er nok langt frå komplett, korkje når det gjeld fugleartar som er innom øya frå tid til anna, eller når det gjeld hekkande fuglar. Ei systematisk overvaking av fuglelivet over nokre år ville såleis etter alt å døme ha utvida lista betydeleg. Dei artane som er spesielle for området og som området har ein viktig funksjon for, må vi likevel gå ut frå er bra kartlagde. (A.O. Folkestad 2006) Sjå vedlegg nr. 4 for artsliste fugl.


Vegetasjon

I 2006 gjorde J. B. Jordal ei naturtypekartlegging i Ørsta kommune. Saman med A.O. Folkestad sin skjøtselsplan frå 2006 utgjer ho grunnlaget for dokumentasjonen i naturbasen. I naturbasen er det registrert tre separate område. To med kystlynghei (delar av landskapsvernområdet) og eit område med hagemark (reservatet). Vi nyttar områdeskildringa for kvart område etter DN sin naturbase.

RAUDØYA NATURRESERVAT, BN00029798:

Generelt: Lokaliteten ligg på den søraustlege delen av Raudøya, og er dominert av ein større kristtornførekomst i sørkanten av ein ås som går i retning aust-vest. Kristtorn vart her først skildra av Strøm

(1762). Dei største kristtortrea er over 10 m høge med stammediameter opptil 20 cm, og det



Figur 6 Raudøya naturreservat omfattar dei sørvendte skråningane på Instøya.

er registrert fleire hundre kristtorntré. Fleire hotre ber godt med frukt, og forynging skjer både med frø og vegetativt. Ein har under tvil klassifisert lokaliteten som hagemark, for å understreke kulturlandskapspreget.

Vegetasjon: Folkestad (2006) deler området i 4 delar frå vest mot aust, med relativt detaljert skildring. Vestre del er lauvblandingsskog med høg dekning av kristtorn, og elles mykje bjørk og innslag av furu, rogn, hegg, gråor, hassel, søyleeiner og vivendel, dessutan undervegetasjon av mjødukt og vendelrot. Deretter kjem eit buskmarkområde med lynghei, med ein brem av kristtorn, gråor og einer langs stranda. Så kjem ein beitehage på innmark omslutta av steingjerde, dette er ein open bjørkehage med osp, einer, gråor og ein del kristtorn. Lengst i aust ligg eit tidlegare ope innmarksbeite omslutta av steingjerde, i kraftig attgroing med lauvskog, med kratt av einer, roser og spreidde kristtornbusker. Vivendel og kristtorn pregar busksjiktet mange stader.

Kulturpåverknad: Området har i lang tid vore nytta til beite. Kristtorn har og vore hausta, truleg til snittgrøntproduksjon. I dag er det ingen slik bruk av området.

Artsfunn: Folkestad (2006) opplyser at reservatet inneheld ca. 950 kristtornbuskar som er over 3 meter høge. I tillegg er det mange tusen frøplanter. Området er ganske artsrikt, m.a. kan nemnast villapal, rognasal, hassel, svartor, hegg, jordnøtt, kusymre, fagerperikum, vivendel, heiblåfjør, heistorr og heifrytle. Beitemarkssopp vart i 1993 funne i den austlege del av reservatet: 6 vidt utbreidde vokssoppantar, 1 småkøllesopp og den tidlegare raudlista raudskivesoppen *Entoloma exile* (DC/-). På grunn av attgroing har desse artane dårlege tilhøve i dag.

Verdsetting: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit særmerkt kulturlandskap med den største kristtornførekomsten i fylket (og den største nord for Hordaland).

RAUDØYHOLMEN,

BN00029795: Prioritert naturtype.

Generelt: Lokaliteten kan klassifiserast som kystlynghei med overgang til hagemark.

Raudøyholmen er ein del av Raudøya landskapsvernområde.

Vegetasjon: Folkestad (2006) deler området i 2 delar frå sør mot nord.

Høgderyggen omfattar dei høgaste partia med blanda vegetasjon av lauvtre, furu og einer, og med eit markert innslag av kristtorn.

Nordsida er dels brattlendt med noko planta gran og blanding av furu og lauvtre med einer og ein del innslag av kristtorn. Delar av området er open lynghei i attgroingsfase.

Kulturpåverknad: Området har i lang tid vore nytta til beite. I dag er det ingen slik bruk av området.

Artsfunn: Folkestad (2006) opplyser at det på Raudøyholmen finst meir enn 500 kristtornbuskar.

Verdisetting: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit særmerkt kulturlandskap med eit sterkt innslag av kristtorn. Utan kristtorn ville området neppe ha vore avgrensa.

Kartutsnitt



Figur 7 Raudøyholmen med sine kulturminne og kystlynghei.

YTSTEØYA PÅ RAUDØYA,

BN00029796: Prioritert naturtype.

Generelt: Lokaliteten ligg på Raudøya i Ørstafjorden, på dei vestre delane som vert kalla Ytsteøya. Store delar av ho er lyngmark. Området er verna som landskapsvernområde (2003). Midt i lokaliteten ligg eit inngjerda parti med fulldyrka mark. Det er også ein mindre inngjerda potetåker i den vestre delen.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei med litt strandberg,

strandenger, tarevollar m.m. Lyngheia er stort sett fuktig og dels myrlendt med duskull, bjønnskjegg, lyssiv og torvull i tillegg til røsslyng. Det finst litt strandeng og små tarevollar ved Tongane på vestenden som utgjer om lag 10% av arealet. Det er litt oppslag av einer, rogn, bjørk og furu.

Kulturpåverknad: Busetnad er sikkert kjent frå ca. 1600. Her har det vore lyngheidrift med beiting. Etter fråflyttinga på 1950-talet var det ei tid slått og beiting, men seinare attgroing. I 1999 vart Raudøy villsau skipa, og utegangarsau sett ut. Dei første åra beita dei på heile Raudøya, men frå 2002 har dei vore berre på Ytsteøya. Frå 2005 har Raudøy villsau DA rett til å ha 20 vinterdyr her.

Artsfunn: Folkestad (2006) nemner pors, fagerperikum, klokkelyng, kysttjønnaks, heistorr og heisiv i lyngheia. I strandeng og tarevollar nemner han m.a. skjoldberar.

Verdisetting: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei av dei få beita kystlyngheiene i distriktet.

Omsyn/skjøtsel: Det er ønskeleg at beiting i lyngheiane held fram. Heiane er i attgroing trass beitinga, og treng både mekanisk rydding og lyngbrenning i tillegg, jf. Folkestad (2006).

Truslar

For vegetasjonen vil opphøyr av fleire hundre års samanhengande landbruksdrift vere starten på endra konkurranse mellom artane. Når denne tradisjonelle landbruksdrifta opphøyrde gav dette eit fortrinn til høge buskar og skogdannande treslag. Desse vil etter kvart fortrenge lågare plantar med krav om opne areal. På grunn av at det er svakare beitetrykk i dag enn tidlegare i lyngheilandskapet vil røsslyngen bli forveda og mindre egna som fôr samtidig som andre grasartar kjem til. Røsslyngheiane vert i dag heller ikkje brent, dette er òg med på å påskynde attgroinga. Eine er ein art som òg får ein konkurransefordel når det vert slutt på tradisjonell drift av ut- og innmark. Eine veks seg stor på den tidlegare beita lyngmarka og kjem gradvis inn på innmarka som ein trussel mot landskapsbilete. Einer er og ein art i eit mellomstadium på vegen til skogetablering.

Attgroing er òg ein trussel mot dei mange kulturminna både i reservatet og i landskapsvernområdet. Gravrøyser, gamle tufter og dei mange gamle steingardane på øya vert øydelagt av røtene til tre som sprengjer seg inn mellom steinane. Her er òg kristtorn ein trussel mot verneformålet i landskapsvernområdet. Det er såleis ikkje heldig at kristtorn er totalfreda i landskapsvernområdet. Dette både med tanke på at kristtorn etablerer seg i kulturlandskapet og at kristtorn slår rot langs gamle steingardar, tufter og gravrøyser.



Figur 8 Det mest intakte kystlyngheilandskapet finn vi lengst vest på Ytsteøya.

For mange fugleartar som krev eit oppe landskap for å hekke vil ein generell auke i skogdanninga vere ein trussel. Dette gjeld spesielt det opne lyngheilandskapet, generelt langs strandsona, på Blæja og Raudøyholmen.



Figur 9 På holmen Blæja finn vi ein ternekoloni. Holmen bør ryddast. Foto: Fylkesmannen

Eldre gran- og sitkagranplantingar er ytterlegare ein trussel då desse trea her finn eit klima og jordsmonn dei vil spreia seg i relativt raskt. Spesielt sitkagrana er rask til å spreie seg, skuggar òg ut andre lauvtre mykje raskare enn vanleg gran. Det er òg registrert platanlønn i landskapsvernområdet. Dette er eit treslag som kan utvikle seg til ein trussel dersom det får spreie seg fritt. Platanlønna er særskilte skuggetålande og veks derfor opp under anna trevegetasjon.

2.5 Kulturminne

Det faktum at det er registrert fast busetnad på Raudøya truleg samanhengande i god tid før 1603 (første registrerte oppsitjar), jamfør det som er nemnt frammanfor, gjer at øya og kulturlandskapet der i seg sjølv er kulturhistorisk interessant og at det er påvist mange og kan ventast å finne nye kulturminne. Det er vanleg å dele kulturminna i to hovudgrupper: Fornminne frå før reformasjonen (1537) og nyare tids kulturminne etter reformasjonen.

Fornminne

Faste fornminne er automatisk freda etter "Lov om kulturminne". I nyare tid har Per Fett (1950) kartlagt fornminna på øya som del av kartlegging og skildring av fornminne på Sunnmøre. Seinare (1983) er dette kontrollert og registrert på Økonomisk kartverk (Historisk museum, Universitetet i Bergen). I alt er det kartlagt 8 gravrøyser eller samlingar av gravrøyser, sjå vedlagte kart. (A.O. Folkestad 2006)



Figur 10 Eit gammalt landfeste vert pussa og måla. Foto: Frank Velle

Av dei 8 gravrøysene er fire registrert på Ytsteøya, to på Lågøya, ei i kristtornreservatet vest for Eineneset og ei heilt aust på Instøya. Av andre faste kulturminne som er registrert i SEFRAK-registeret er 14 bygningar eller fundament til bygningar. Desse er nummerert på det vedlagte kartet og nummera refererer seg til løpenummer i SEFRAK-registeret.

Vi opplever ei motsetjing mellom forskrifta for begge verneområda og kulturminnevern. Kristtorn som verna art spreier seg inn i steingarder, tufter og gravrøyser. Det må la seg gjere å finne praktiske løysingar på dette, då kulturminna er ein del av landskapsvernområdet.

Forvaltingsplan for Raudøya

Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal vil gje føringar på kva som kan gjerast med dei ulike kulturminna, dette gjeld òg tufter og bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret. Dette er òg viktig i forhold til det arbeidet som Ørsta kommune ved Ørsta ungdomsskole, avd. Liadal gjer på tunet på Instøya. Det dei har gjort så langt med naustet, løa og innmarka er eit løft for å framheve heilskapen i kulturlandskapet her.

For detaljar om dei ulike fornminna viser vi til registreringane i A. O. Folkestad sin rapport frå 2006. Her er kvart enkelt objekt skildra.

2.6 Bevaringsmål

I verneforskrifta for naturreservatet kapittel III står det;

Føremålet med fredinga er å sikre eit naturmiljø med ein stor og vital førekomst med kristtorn i Møre og Romsdal.

I verneforskrifta for landskapsvernområdet kapittel III står det;

Føremålet med vernet er å sikre kultur- og naturlandskapet på Raudøya og holmane ikring.

Forvaltingsplanen skal først og fremst konkretisere verneformålet gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for verneområda. Verneformålet viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet.

I skjøtselplanen til Alv Ottar Folkestad frå 2006 er det mange gode og detaljerte forslag til skjøtsel av dei ulike naturkvalitetane på Raudøya. Fylkesmannen har i denne fasen teke utgangspunkt i dei naturkvalitetane som er lengst frå å oppfylle føremålet med vernet og som er gitt høgast prioritet i skjøtselplanen.

Tre hovudområde peikar seg i denne fasen ut som bevaringsmål for å byggje opp under verneformåla.

- Halde i hevd mest mogleg av innmarka med slått og beite. På Ytsteøya er mykje intakt, men på Instøya må det setjast inn tiltak for å få innmarka i hevd att.
- Halde kystlyngheiane opne for å hindre attgroing, særleg kystlyngheia på Ytsteøya og ryggen innover Instøya i tillegg til holmane. Raudøyholmen og delar av Ytsteøya er registrert som prioritert naturtype kystlynghei i naturbasen til DN.
- Setje i stand beitehagen og strandbeitet i den austre del av reservatet inkludert kulturminna som del av den prioriterte naturtypen hagemark. Dette òg for å sikre utbreiinga av kristtorn, der kristtorn i dag utgjer ein liten del av treslaga. Kristtornbestanden er elles kraftig og i god stand i forhold til verneformålet.

Det vil òg vere naturleg å skjøtte dei faste kulturminna på Raudøya når det elles vert utført skjøtelsarbeid nære desse. Dette må i tilfelle skje i samarbeid med kulturminneforvaltninga.

Det er avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvaltning, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir erfaring om effekten av vern og skjøtsel på øya. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år.

Uttrykk nytta i tabell 1 og 2.

Mål nr.

Bevaringsmåla er fortløpande nummerert. Desse nummera finn ein igjen på vedlagd kart over bevaringsmål, knytt til registreringsnummeret til verneområdet.

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar, som er levestad og livsmiljø for eit rikt artsmangfald.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden vi ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte artar

Overvaking

Med overvaking forstår vi å føre kontroll/oppsyn med at naturtypen er i den tilstanden som er ønskjeleg for å oppfylle verneformålet best mogleg.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels og dårleg. Dette fortel oss i kva tilstand naturtypen er i.

Tiltak

Tiltak er det som er planlagt utført av praktisk arbeid for å få oppfylle bevaringsmålet.

Forvaltingsplan for Raudøya

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Raudøya landskapsvernområde med plantelivsfreding, VV00000576.

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Slått/ Beitemark på Ytsteøya	Bruksintensitet	Ha 55 da kystlynghei i god hevd	Feltobservasjonar	God	Oppretthalde dagens skjøtsel med slått og beite. Fjerne småtre av sitkagran.
2	Slåttemark på Instøya	Attgroing	Ha 15 da. restaurert slåttemark	Feltobservasjonar	Middels grunna delvis attgroing	Rydding av einer og kratt. Gradvis auke areal med slåttemark. Inngjerding
3	Beitemark på Instøya	Attgroing	Ha 10 da. restaurert beitemark	Feltobservasjonar	Middels grunna delvis attgroing	Inngjerding, mekanisk rydding og beiting.
4	Kystlynghei Ytsteøya	Attgroing Framande treslag	Ha ei rydda og open kystlynghei vest på Ytsteøya, reg. naturbase	Feltobservasjonar	Middels grunna begynnande attgroing, framande arter	Rydde småplanter av sitkagran og andre tredannande artar. Halde fram med beiting, starte brenning. Ein må ta omsyn til kulturminna ved brenning.
5	Kystlynghei Raudøy- holmen	Framande artar	Det skal ikkje vere grantre mellom sjøen og fyrlykta	Feltobservasjonar	Middels grunna framande treslag	Felle granene mellom sjøen og fyrlykta
6	Holmen Blæja	Attgroing	Det skal ikkje vere tre på holmen. Ternene skal ha godt egna hekkeområde.	Feltobservasjonar	Middels grunna begynnande attgroing	Rydding av kratt og småtre

Forvaltingsplan for Raudøya



Forvaltingsplan for Raudøya

Tabell 2: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Raudøya naturreservat, VV00000553.

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Hagemark D05 <i>Strandbeite</i>	Attgroing	Auke kristtornbestandet med 50 %	Taksering frå faste punkt	Middels-dårleg	Rydding og tynning av vegetasjonen for å fristille kristtorn. Restaurere steingard supplert med inngjerding Forsiktig beite.
2	Hagemark D05 <i>Beitehagen</i>	Konkurransse av andre tredannande artar	Området skal vere godt egna som vokseområde for beitemarksopp	Vegetasjonsanalyse i prøveflater, oppfølging	Ukjent	Tynning av skogen. Forsiktig beite. Restaurere steingard supplert med anna inngjerding.
3	Hagemark D05 <i>Buskmark</i>	Konkurransse av andre tredannande artar	Auke kristtornbestandet med 10 % i denne delen av reservatet	Taksering frå faste punkt	God til middels grunna konkurransse med andre artar	Inngjerding og beiting i delar av året.
4	Hagemark D05 <i>Kristtorn- skog</i>	Utbreiing av kristtorn	Arealet med kristtorn skal ikkje minke samanlikna med arealet i 2011.	Feltobservasjonar. Flyfoto	God	Ingen høgt prioriterte. Svak beiting for å utvikle feltsjiktet seinsommar - haust, dersom arealet blir inngjerda.

Undernamna i kolonne naturtype er uttrykk nytta i skjøtselsplanen til Folkestad (2006). Dette for å gjere planane meir samanliknbare.

Forvaltingsplan for Raudøya



3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskriftene og brukarinteresser

Verneforskriftene dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillate i Raudøya naturreservat og landskapsvernområde. I dette kapittelet vil verneforskriftene bli knytt opp mot ulike brukarinteresser. Begge verneforskriftene ligg som vedlegg 1.

Det er særleg nokre kapittel i verneforskriftene som gir retningslinjer for forvaltinga. Dette gjeld for begge verneområda. I kapittel IV går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det lista opp kva aktivitetar som ikkje er tillate innafør dei verna områda. Vi minner her om at opplistinga ikkje er uttømmmande. I kapittel V er det omtala dei aktivitetane som er unnateke frå reglane i kapittel IV, mens det i kapittel VI går fram kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i kapittel IV, og som ikkje er nemnte i kapittel V eller VI er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan likevel gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle. Ein dispensasjonssøknad skal då behandlast etter NML § 48. Tolking av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

Det er ikkje dyrka mark i naturreservatet. Om lag 20 vinterdyr av gammalnorsk sau beiter i dag på vestre delar av Raudøya Gnr. 64/2,3,4. Det er berre bruket på Instøya som har beiterett inne i naturreservat unnateke eit lite areal heilt vest i naturreservatet. Alle grunneigarane har felles beiterett på Raudøyholmen.

Verneforskrifta for Raudøya naturreservat opnar ikkje for landbruk av noko slag, anna enn til beite, jf. kapittel V. Fordi kulturlandskapet i Raudøya naturreservat er eit resultat av mellom anna at det har gått beitedyr her i lang tid, er det ønskeleg med beiting for å kunne oppretthalde verneverdiane både reservatet og landskapsvernområdet. Tradisjonell skjøtsel har opphøyrd eller er sterkt endra. Beiting er ein føresetnad for å oppnå ein del av bevaringsmåla. Store delar av kulturlandskapet er no prega av atngroing. Ved å restaurere steingjerda supplert med anna inngjerding kan ein styre beitetrykket på dei ulike delområda både i reservatet og i landskapsvernområdet. Beitetrykket må styrast ut frå kva ein vil oppnå i dei ulike delområda på øya. Dette er særleg viktig i snørike vintrar der utgangarsauene kan beite eller skave bork på kristtorntrea.

Det er planta ein del gran og sitkagran med det føremål å få le i området samt trematerial til bygningar. Desse plantingane må ikkje få spreie seg. Vi ser eksempel på småplanter av gran på Instøya, men spreieing frå sitkaplantingane på Ysteøya er meir alvorleg. Dei gamle plantingane av sitkagran bør fasast ut når ein har alternative leplassar til dyra. For å halde i hevd den prioriterte naturtypen kystlynghei på Ysteøya er det viktig at ikkje sitkagrana spreiar seg. Å stimulere til å halde fram med beitedyr er òg avgjerande for å



Figur 11 Viktige kulturlandskapsarbeidarane på Raudøya. Foto: Fylkesmanen

behalde denne naturtypen. Det hadde òg vore ønskeleg at det vart forsøkt med brenning av enkelte parti gammal lyng, for på denne måten å betre beitekvaliteten.

Forskriftene i kapittel IV er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande gjerde, men oppføring av nye, faste gjerde er søknadspliktig. Oppsetjing av flyttbare gjerde, til dømes el-gjerde, krev òg dispensasjon frå forskrifta, men det kan søkjast om eit fast gjerdemønster over fleire år.



Figur 12 Godt ly og god mat er viktig, men treslaget bør fasast ut over tid. Foto: Fylkesmannen

I følgje kapittel IV for reservatet skal ikkje nye planteartar innførast, og det er ikkje lov å byggje nye vegar, drenere eller på annan måte tørrleggje areal i naturreservatet. Det er ikkje tillate å gjødsle, kalke og bruke kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. I landskapsvernområdet er det ikkje forbod mot kalking og gjødsling, men vi oppmodar om å avgrense denne forma for næringstilførsel.

Forvaltingsmål for primærnæringa

- Opprette eit beiter regime som gjer at naturkvalitetane i naturreservatet og kulturlandskapet vert oppretthalde.
- Betre beitekvaliteten med brenning av gammal lyng i kystlyngheia.
- Fase ut gran- og sitkaplantingane over noko tid. Fjerne småplanter av begge artane.

3.3 Jakt og fiske

I forskrifta for naturreservatet kap. 3, nr. 2 står det at dyrelivet, medrekna reirplass og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Men i kap. 5 nr. 3 er det opna for jakt og fiske. Med dette forstår vi at det er reglane i viltlova og naturmangfaldlova som styrer kva ein kan jakte på i reservatet og til kva tid. For landskapsvernområdet er ikkje jakt og fiske nemnde, så her er det òg viltlova og naturmangfaldlova som gjeld.

I område som staten ved DN har kjøpt inn til allment friluftsområde har DN gitt fylkesmennene myndigheit til å avgjere om det kan drivast jakt. Fylkesmannen i Møre og Romsdal som representant for grunneigaren (staten) vurderer jaktverdiane i friluftsområdet som så små i forhold til verneverdiane og



Figur 13 Stolte fangstmenn med base på Raudøya. Foto: Frank Velle

Forvaltingsplan for Raudøya

friluftinteressene at vi ikkje vil tillate jakt på denne delen av Raudøya, gnr/bnr 64/1. Fylkesmannen gjer unntak for fangst av mink med feller. Jaktforbodet er ikkje til hinder for at andre grunneigarar på Raudøya kan gjere avtale med fylkesmannen om å leggje arealet i friluftsområdet inn i sine vald. Dette under føresetnad av at Ørsta kommune som viltmyndigheit godtek arealet.

Mink var tidlegare eit problem for hekkande fugleartar. Bestanden har gått tilbake dei siste åra, men minken er framleis å sjå. Mink er ein art vi i utgangspunktet ikkje vil ha i norsk fauna. Fangst av mink bør skje med slagfelle som plasserast slik at dei ikkje er til fare for andre dyr eller menneske.

Det finst fleire fine fiskeplassar langs sjøen både i naturreservatet, landskapsvernområdet og i friluftsområdet. Fiske er lovleg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Dette inkluderer fiske etter hummar, krabbe og skjel.

Forvaltingsmål for jakt og fiske

- Fylkesmannen vedtek generelt jaktforbod i det sikra friluftsområdet, med unntak av fangst av mink.
- Bestanden av mink skal overvakast og om nødvendig reduserast

3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Raudøya innte med gnr/bnr 64/1 vart kjøpt inn som friluftsområde med statsmidlar 10.01.2002. Det sikra området utgjer 234 dekar på hovudøya på Instøya. Øya er unik ved at ho er ei av få øyar og holmar i fjordsystemet og den einaste som er eigd av det offentleg og derfor tilgjengeleg for allmenta.

Det er fylkesmannen som har forvaltingsansvar for det sikra friluftsområdet, medan det er Ørsta kommune som har ansvaret for tilsyn og drift. For eit par år sidan fekk Ørsta kommune laga ein enkel forvaltingsplan for friluftsområdet på Raudøya. Planen er i hovudsak knytt til innmarka på Instøya. Denne planen er godkjend av fylkesmannen. Planen er i tillegg til å fremje friluftinteressene med på å byggje opp under verneformålet i landskapsvernområdet. I planen vert det synleggjort kva tiltak det var behov for å få utført dei næraste åra. I tillegg vart behovet for fortløpande driftsoppgåver gjennom året synleggjort. Dette var eit strategisk



Figur 15 Flytebrygga er det første møtet med Raudøya for dei fleste. Foto: Fylkesmannen



Figur 14 Informasjonstavle er sett opp ved naustet. Foto: Fylkesmannen

Forvaltingsplan for Raudøya

viktig arbeid for å få fram kva som bør gjerast for å kunne imøtekomme allmenta sine behov og samtidig ta vare på enkeltelement i kulturlandskapet.

Mange av tiltaka her er allerede utført, og fleire er starta opp. Den praktiske gjennomføringa har Ørsta kommune løyst ved at Ørsta ungdomsskole, avd. Liadal driv restaurering og skjøtsel av området saman med ungdomsskuleelevar. Sidan Instøya vart sikra har det vore gjort mykje tilrettelegging her. Det er lagt ut flytebrygge på nordsida av indre Raudøya ved naustet. Naustet som stod til forfall er no restaurert på ein god måte. Diverre vart det opne naustet ein periode brukt som toalett. Dette førte til at det vart sett opp eit eige toalett like bakom naustet. Løa var òg i sterkt forfall då ungdomsskolen starta restaureringsarbeidet. Løa er no under restaurering med nye veggjar og tak. I tillegg har elevane ved skulen starta arbeidet med å ta opp att drifta av slåttemarka. Det er kjøpt inn ein traktor med beitepussar for å kunne halde mest mogleg av dyrkajorda open. Dette arbeidet har i tillegg til å ta vare på verdiane i kulturlandskapet gjort området meir attraktivt som rekreasjonsområde.

Området er mykje nytta av båtfolket om sommaren. Desse kjem naturlegvis sjøvegen og dei fleste nyttar seg av flytebrygga som er lagt ut ved naustet og den gamle støa. Dei aller fleste nyttar området til dagsturar, men nokre overnattar òg på både Instøya og Raudøyholmen.



Figur 16 Elevane ved Ørsta ungdomsskole, avd. Liadal testar bålplassen dei har laga. Foto: Ukjend

Det er lagt til rette med teltplass og bålplass for grilling. Men her ser vi at enkelte som nyttar friluftsområdet /landscapsvernområdet ikkje respekterer at det skal nyttast berre ein bålplass. Fleire små bål er laga med skjemmande søppel rundt. Behovet for eit søppelstativ eller liknande i nærleiken av flytebrygga bør vurderast.

Fylkesmannen vurderer ikkje behovet for ein lengre turstig vestover øya som stor i dag. Men dette kan endre seg og fylkesmannen er open for å diskutere stitrasè vestover øya. Dei aller fleste som besøker Raudøya i dag held seg rundt tunet på Instøya. Nokre besøkande legg til ved Ytsteøya, men dette er privat brygge og innmark og fylkesmannen vil ikkje leggje føringar på denne delen av Raudøya ut over det verneforskrifta og allemannsretten i friluftsløven opnar for.

Det bør setjast opp skilt som opplyser om bandtvangen for hund ved flytebrygga. Det er ikkje ferdselsforbod verken i reservatet eller landskapsvernområdet. Etablering av nye stigar krev dispensasjon frå forskrifta, og slike tiltak må eventuelt vurderast opp mot føremålet med vernet.

Verneforskriftene går føre friluftsløva og Allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen derfor bli prioritert over friluftsliv ved ei eventuell konflikt. Forskriftene for naturreservatet som er aktuelle i samband med friluftsliv er omtala i kapittel IV nr. 4 til 6;

Nr. 4 *Idrettsarrangement, jaktprøver og organisert bruk av naturreservatet er forbode. Dette gjeld likevel ikkje organisert ferdsel i reservatet i samband med undervisning.*

Forvaltingsplan for Raudøya

Nr. 5 *Bruk av sykkel, hest og kjerre og organisert riding utanom eksisterande vegar er forbode.*

Nr. 6 *Motorisert ferdsel er forbode, inkludert start og landing av luftfartøy.*

Forskrift for landskapsvernområdet som er aktuell i samband med friluftsliv er omtala i kapittel IV nr. 3.

Nr. 6 *Motorisert ferdsel er forbode, inkludert start og landing av luftfartøy.*

Forskrifta for landskapsvernområdet er ikkje til hinder for at organisasjonar som til dømes speidarane kan ha arrangement på Raudøya. Det må likevel innhentast løyve frå grunneigar.

Elles er det nemnt i forskrifta for naturreservatet at det er unntak frå vegetasjonsfredinga når det gjeld sanking av matsopp og bær (nemnt i kap. V punkt 2). Det er likevel viktig å hugse at all vegetasjon er freda, og plukking av til dømes blomar og mosar er ikkje lovleg.

Fylkesmannen gjer merksam på at sjølv om det er staten som er grunneigar på Gnr. 64/1, er det Møre og Romsdal fylkeskommune som no har overteke drifta av denne typen sikra friluftsområde.

Forvaltingsmål for friluftsliv og rekreasjon

- Det statleg sikra friluftsområdet på gnr.64/1, Instøya, skal ta det meste av friluftsliv- og rekreasjonsaktiviteten, med hovudtyngda på områda rundt tunet.
- Forstyrtinga av fuglelivet bør generelt haldast på eit minimum.

3.5 Undervisning og forskning

Allereie i dag driv Ørsta ungdomsskule avdeling Liadal undervisning med utgangspunkt i gamle byggeskikkar, praktisk handverk og formidling av tradisjonskunnskap gjennom sitt restaureringsarbeid av bygningane. Mange teorifag kan byggjast inn i denne opplæringa. Ei lita tavle har allereie fått plass i løa. Mange læreplanmål vert òg oppnådde ved skjøtsel av kulturlandskapet.

Det ligg godt til rette for å ha undervisning på Raudøya i store delar av året, særleg for mindre grupper av elevar. Men òg dagsutferder med spesielle tema kan vere aktuelt. Den tette konsentrasjonen av fornminne og andre kulturminne saman med andre naturfaglege verdiar burde gjere øya interessant i undervisningssamanheng. Både plassering, størrelse og dei tilretteleggingane som er gjort i samband med friluftsområdet burde tilseie at undervisning i fleire fag kan vere aktuelt. For forskingsføremål er området også lett tilgjengeleg, relativt nær både Ålesund og Volda.

Når skjøtsel av kystlyngheia er komen i gang kan ein sjå for seg at området kan bli svært interessant som studie- og opplevingsområde for skjøtta lynghei. Det burde vere gode moglegheiter for å lage undervisningsopplegg med alle dei verdiane vi finn her på eit lite område. Læreplanmål i mange fag på ulike klasseteg kan inngå i praktiske undervisningsopplegg. Ytterlegare teoretisk fagkunnskap kan hentast i mellom anna www.naturbase.no, www.artsdatabanken.no og for kulturminna www.asketadden.no

Forvaltingsmål for undervisning og forskning

- Det kan leggjast til rette for undervisning, formidling og forskning innafor verneområda så sant dette ikkje går ut over verneformåla

3.6 Bygningar og tekniske inngrep

Bygningar

I naturreservatet opnar kap. V nr. 5 i verneforskrifta opp for vedlikehald av eksisterande hytter. Vi har ikkje registrert nokre hytter inne i naturreservatet, så dette er ikkje aktuelt. Med vedlikehald av anlegg i naturreservatet etter kap. V nr. 5 er det her tolka som kulturhistoriske anlegg (fornminne) som steingardar og ferdsselsårer. Desse kan i tilfelle vedlikehaldast i samarbeid med kulturminnestyresmaktene.

I landskapsvernområdet er det i kap. V nr. 3 opna for vedlikehald av anlegg som var i bruk på fredingstidpunktet. Dette omfattar gardsbruka med deira ulike driftsbygningar, våningshus, dyrka mark, steingjerde eller andre inngjerdingar samt naust og anlegg til sjø. Vedlikehald her tolkast som vedlikehald på eksisterande bygg etter tradisjonell bruk, men ikkje tilbygg, nybygg eller påbygg av noko slag. For hytter i landskapsvernområdet tolkar fylkesmannen vedlikehald på same måten som for driftsbygningar og naust. For naust tolkar fylkesmannen at ein òg kan vedlikehalde tilhøyrande stø og vór på tradisjonelt vis.

I landskapsvernområdet opnar kap. VI nr. 3 for nye bygningar på gamle tufter i samanheng med eksisterande hus. Eit formål her kan vere bygg i tradisjonell stil som er med å lette og oppretthalde beiting av kulturlandskapet. Eventuelle nybygg skal planleggjast i samråd med kulturstyresmaktene i fylkeskommunen og med Ørsta kommune. Bygging av naust på gamle tufter skal skje i tradisjonell stil og størrelse med møne og gavl mot sjø. Kap. VI nr. 4 opnar for at det kan søkjast om bygging av nye naust på same vilkår som for restaurering på gamle tufter. For alt restaureringsarbeid er det ein stor fordel med dokumentasjon av korleis bygga eller anlegga såg ut tidlegare, og ein vil om mogeleg legge opp til å lage kopiar av tidlegare bygg. Foto er alltid viktig her dersom det finst.

Terrenginngrep

For naturreservatet er det ikkje aktuelt med terrenginngrep med unntak av gjerding for beitehald og for kulturminnestyresmaktene sin skjøtsel og restaurering av kulturminne. For landskapsvernområdet er det ønskeleg med meir tilrettelegging for ålmenta i utfarts- og rekreasjonssamanheng. Her kan det vere aktuelt med enkle terrenginngrep for stigar og etablering av mindre anlegg som rasteplass o.l. Slike tiltak var allereie før fredinga etablert på Ytsteøya som flytebrygge og leirplass. Sidan staten sikra Instøya til friluftsføremål er behovet blitt meir aktuelt her. Det er lagt ut ei flytebrygge i tillegg til at det er sett opp eit toalett i utkanten av tunet på Instøya. Eit anna inngrep som kan verte aktuelt for å vedlikehalde det biologiske mangfaldet og som vasskjelde til beitedyr er å restaurere eldre ferskvassdammar.

Det er ikkje kraftliner på Raudøya i dag. Det står nokre stolpar etter tidlegare liner. Det er ikkje lov å etablere nye liner etter kap. IV, nr. 1.

Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Det skal ikkje oppførast nye bygningar i naturreservatet
- Eventuelle nye bygningskonstruksjonar på gamle tufter innafor landskapsvernområdet skal ha tradisjonell byggestil og vere med å byggje opp under verneformålet.
- Konstruksjonar som alt finst i området og som kan vere til hinder eller skade for friluftsliv og vilt, som gamle gjerde og piggråd frå tidlegare drift, må fjernast.

3.7 Kystverket

Kystverket har eit fyr på Raudøyholmen, F1 304600 Raudøy, sjøkart nr. 30. Dette fyret har viktige sektorliner over delar av hovudøya i tillegg til Raudøyholmen. Dersom ein ikkje får gjort noko for å halde trevegetasjonen stabilt nede vil større tre etter kvart vekse inn i siktlinene til dei ulike sektorane frå fyret. Nokre sektorar på Instøya går over naturreservatet. Fylkesmannen erkjenner at Kystverket har eit viktig samfunnsansvar ved å hindre ulykker til sjøs. Men som forvaltningsstyresmakt for dei verna områda føreset vi at det vert søkt om dispensasjon frå vernereglane. Fylkesmannen må handsame søknader om denne typen dispensasjonar etter § 48 i naturmangfaldlova.



Figur 17 Grantrea mellom fyrlykta og sjøen bør fjernast.
Foto: Fylkesmannen

Grantrea som står mellom fyret og sjøen på Raudøyholmen bør fjernast i nær framtid. Dette ut frå at dei har nådd ein alder som gjer at dei vil begynne å setje kongler og dermed frø seg på holmen. Dette er ikkje ønskeleg ut frå verneformålet til landskapsvernområdet. I tillegg vil dei snart vere til hinder for sikta til fyret.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak

Framande treslag

Av dei treslaga som ikkje naturleg høyrer heime på Raudøya er sitkagrana den mest aggressive og utgjer den største faren for dei naturtypene vi har i dag. Platanlønna er òg eit treslag vi må ta på alvor så den ikkje får etablere seg. Av andre framande treslag er plantingar av vanleg gran og bergfuru. Desse er ikkje så aggressive som dei sitkagran og platanlønn, men eit langsiktig mål må vere at alle artane vert fjerna frå heile Raudøya.



Figur 18 Tunet og innmarka på Instøya 2010 viser tydeleg teikn på attgroing. Foto: Ukjend

Brann og beite

Raudøya landskapsvernområde har kulturlandskap skapt av historisk bruk, derfor er skjøtsel for å ivareta desse kulturlandskapskvalitetane høgt prioritert i forvaltingsplanen. Lyngheia i landskapsvernområdet er prega av moden og til dels gammal lyng. Ein del tre er på veg opp, både bartre og lauvtre, og fleire lauvkratt er i ferd med å bli temmeleg dominerande. I tradisjonell lynghei ville tre og kratt ikkje kunne gro til i same grad sidan heiene blei både brent og beita regelmessig., og ein del av trea, som bjørk, rogn og selje, bør fjernast. Delar av Raudøya har framleis eit klassisk kystlyngheilandskap, men skjøtsel er no nødvendig for at ikkje desse områda skal gro att på sikt. Lokal interesse og engasjement er avgjerande for at slik skjøtsel skal lykkast på sikt.

Innmarka

På Ytsteøya er mesteparten av innmarka intakt og i hevd gjennom beite. Det må vere eit mål å fortsatt stimulere til beiting for å halde desse areala opne i framtida. Det er òg eit ønske om meir beite på Instøya inkludert reservatet.

Ved beiting til tider av året der sauene ikkje gjer skade på kristtorn burde det la seg gjere å opne for beiting her. Ein del av innmarka er avhengig av slått. På Instøya er ein i ferd med å restaurere slåttemarka. Dette er eit positivt tiltak som fylkesmannen håper vil fortsette og å bli utvida.

Det bør opnast opp for å fjerne kristtorn som etablerer seg på slåtte- og beitemark i landskapsvernområde. Større kristtorntrær bør òg kunne klippast etter nærare retningslinjer.



Figur 19 Kjekke ungdomar i arbeid på slåttemarka. Foto: Frank Velle

Kulturminne

Skjøtsel av kulturminna på Raudøya er ein viktig del av forvaltning av landskapet. Vi finn klart flest kulturminne i landskapsvernområdet, men òg i reservatet. Naturmangfaldlova (NML) og lov om kulturminne er likeverdige lover så der det skulle vere motsetnad må det finnast praktiske løysningar. Dette gjeld særleg ved rydding av gravrøyser, langs steingjerder og tufter, samt hindre at vegetasjon gjer skade på bygningar. Vi har fått konkret innspel om

sterkt behov for rydding av ei gravrøys i naturreservatet. Her må mellom anna kristtorn fjernast for å få rydda ho.

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Forvaltingsstyresmakta kan ikkje påleggje grunneigarar å utføre skjøtseloppgåver, men nært samarbeid er viktig for å oppnå gode og heilskaplege resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO.

Skjøtsel av kystlynghei

For skjøtsel av kystlynghei er brenning eller lyngsviing naudsynt. Det er òg ein rask og kostnadseffektiv måte å fornye og forbetre beitet på. For ikkje å få for djup brann er det viktig å brenne om seinvinteren mens marka er fuktig eller frossen. Før tiltaket vert sett i verk skal brannvesenet varslast og kyndig hjelpemannskap med rett utstyr må vere tilgjengeleg. Berre erfarne lyngheibrennarar bør drive slik skjøtsel.

Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet skal skje i perioden 1. juli til 31. mars. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl.

Skjøtselstiltak

- Stimulere til å oppretthalde beiter regime av sau på størst mogleg del av Raudøya
- Brenne lyng i kystlyngheiene på Ytsteøya for mellom anna å betre kvaliteten på beitet
- Gradvis fase ut framande artar på heile Raudøya som sitkagran, vanleg gran, platanlønn og bergfuru. Hindre spreining av sitkagrana bør prioriterast først.
- Rydde gravrøys i naturreservatet, registrering R-7.

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 8.

4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Effektiv overvaking av naturtypar krev kunnskap om verneverdiane og tilstanden til desse. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Naturkvalitetane på Raudøya er rimeleg godt dokumenterte. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for dei ulike naturtypane i reservatet og landskapsvernområdet. Oppfølging av desse er sentrale for forvaltninga av reservatet i framtida.

Spesielt kystlyngheia i landskapsvernområdet og bestandsutviklinga av kristtorn bør overvakast med visse intervall for å kartleggje tempo og mønster på utviklinga, og ein må vurdere tiltak ved kvar revidering av forvaltingsplanen.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen etter behov, og minst ein gong kvart år. Utviklinga og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Overvaking av øya skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane
- Overvakinga skal gi kunnskap om korleis skjøtsel og bruk påverkar naturkvalitetane

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 8.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Sidan Ytsteøya er i privat eige er det ikkje ønskeleg å leggje til rette for allmenta her utan at dette kjem som eit ønske frå grunneigarane. På Instøya er det staten som er grunneigar og formålet med staten sitt kjøp var å leggje til rette for friluftsliv for ålmenta. Ørsta kommune har lagt ut ei flytebrygge ved naustet på Instøya til ålmenn bruk. I tillegg har kommunen sett opp eit toalett bak naustet og står for drifta av dette. Her er det behov for å lage ein betre tilgang. Dette er viktige tiltak då øya er mykje besøkt om sommaren. Det er òg eit ønske både frå fylkesmannen og Ørsta kommune at folk skal besøkje øya som del av eit aktivt friluftsliv.

Det er laga fire ulike informasjonstavler for Raudøya. Dei er sett opp ved flytebrygga og på innmarka rundt tunet på Instøya. Dei skildrar naturkvalitetar som kristtorn og informerer mellom anna om kulturminna og den gamle frukthagen på Instøya. Det har vore drøfta å setja opp informasjonsskilt ved den gamle ferjekaia på Rjåneset. For mange er dette eit utgangspunkt for å besøkje øya. Dersom det skal setje opp informasjonsskilt på Ytsteøya må dette avtalast med grunneigarane.

Raudøya naturreservat er merka på strategiske grensepunkt med Miljøverndepartementet sine offisielle verneskilt. Det manglar ekstra merking for bandtvang for hund heile året. Informasjon om kva fugleartar som held til og besøkje reservatet gjennom året bør setjast opp for å auke interessa for verneområdet. Slik informasjon kan setjast opp i gapahuken.



Figur 20 Informasjonstavle over kristtornreservatet, står ved tunet på Instøya.

Det har vore diskutert behovet for tilrettelegging av ein turstig over eller langs sjøen på Instøya. Folkestad har med eit forslag i sin skjøtelsesplan. Dette forslaget går langs sørsida på

Forvaltingsplan for Raudøya

Instøya mot reservatgrensa i vest. Her kjem ein òg inn på privat grunn og må då inngå avtalar med grunneigarane. Fylkesmannen vurderer i dag at det ikkje er eit stort behov for ein opparbeid turstig. Men om behovet skulle oppstå er vi villig til å diskutere kor ein tursti bør gå. I den fasen vi er i no meiner vi at dei store oppgåvene som ligg føre på austre del av Instøya bør prioriterast før det offentlege arbeidar seg vestover. Dei aller fleste av dei som besøker Raudøya legg til ved flytebrygga og nyttar innmarka rundt tunet på Instøya til småturar.

Ørsta ungdomskule avdeling Liadal har nedlagt eit stort arbeid ved å restaurere naustet, løa og dei arbeider no med å restaurere slåtte og beitemarkane på gnr/bnr 64/1. Dette er eit arbeid dei har halde på med i fleire år. Det er på sin plass å utforme ei informasjonstavle om det arbeidet dei har utført og planar om arbeid som vil bli gjort. På grunn av Ørsta ungdomsskule, avd. Liadal sitt arbeid er det tilrettelagt med flytebrygge, bålplass, teltplass og toalett. Dette vert òg drifta av skulen gjennom året.

Råd for funksjonshemma i Ørsta ønskjer tilrettelegging med universell utforming fram mot bål/rasteplassen. Verneforskrifta for landskapsområdet opnar ikkje for dette i dag. Fylkesmannen ser behovet, men dette må vi kome tilbake til som ein dispensasjonssak når det føreligg meir detaljerte teikningar og planar.

All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Vurdere behovet for ordningar med søppelstativ eller liknande.
- Informasjonskilt om Raudøya på Rjåneset
- Informasjonstavle ved naustet om kva arbeid som er gjort og kva som planleggjast.
- Informere om dei vanlegaste fugleartane i området

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 8.

4.4 Oppsyn

Med oppsyn meiner vi oppsyn og handheving av forskriftene til verneområda. Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle løyve og dispensasjonsvedtak vert etterlevde. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Ei av oppgåvene til SNO er å sørgje for at vernereglane for området vert følgde. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet. Heimel til å foreta oppsyn finn vi i § 63 i NML.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og politimynde etter miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt og bestiller oppsynstjenester av SNO.

5 SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltingsstyresmakt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er forvaltningsstyresmakt for Raudøya naturreservat og Raudøya landskapsvernområde med plantelivsfreding. Søknad om dispensasjon frå desse verneforskriftene skal sendast direkte til fylkesmannen.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva da naturmangfaldloven (NML) vart vedteken 19. juni 2009. I denne samanhengen er eigne overgangsreglar i NML § 77 klår på at verneforskrifter vedteken etter naturvernlova framleis gjeld. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i NML. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig her å merke seg at prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48, dispensasjon frå vernevedtak, gir føringar som skal nyttast ved sida av forskriftene til det enkelte verneområdet. Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke verneformålet. Verneforskriftene som gjeld Raudøya finn ein som vedlegg nr. 1a og b.

Forvaltning av verneforskrifta

Eventuelle søknader om løyve/dispensasjon skal vegast opp mot dei alminnelege reglane for berekraftig bruk i NML kap. II i tillegg til NML § 48. Reglane her kjem i tillegg til verneforskriftene for verneområda på Raudøya. Avgjerd av ein søknad om dispensasjon frå ein verneforskrift vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltingsloven og kan klagast på.

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars rettar og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar f.eks. ikkje grunneigars rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltingsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i samband med skjøtsel. Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar over råderetten til grunneigar, rettshavar og publikum. Men forskrifta kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlege nokon særskilt råderett ut over det som følgjer av høve til skjøtsel etter regelverket.

Forvaltninga av verneområda skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltingsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar.

Forståing av unntak frå forskrifta for Raudøya naturreservat

Kap V i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Punkt 1. Omtalar aktivitetar av nasjonal karakter som alltid er tillate i verna område. Dette omfattar likevel ikkje for nødvendig øving for nemnde formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta. Aktivitetane skjøtsel og

Forvaltingsplan for Raudøya

forvaltningsoppgåver gjeld oppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta for verneområdet, sjå rundskriv «Forvaltning av verneforskrifter», DN 2010.

Punkt 2. Sanking av bær og matsopp. Dette er å forstå som ein referanse til friluftsløva og stadfestar allemannsretten.

Punkt 3. Jakt og fiske. Fylkesmannen som grunneigar av gnr/bnr 64/1 sett forbod mot all jakt på denne eigendomen, med unntak av fellefangst av mink. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske. For fiske gjeld det lovverket og dei forskriftene som regulerer fiske til ei kvar tid. Medrekna er fiske etter til dømes krabbe og hummar. Sanking av skjel og liknande er lov med løyve frå grunneigar. Sanking av tang og tare er ikkje lov.

Punkt 4. Tradisjonell beiting. Dette opnar for beiting med husdyr som tradisjonelt har beita i reservatet. Dersom det skulle vise seg at dette fører til skadar på verneformålet kan Direktoratet for naturforvaltning regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.

Punkt 5. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet. Med dette forstås vi vedlikehald av steingjerde og eldre ferdselsårer. Punktet opnar òg for vedlikehald av eksisterande hytter. Vi er ikkje kjent med eksisterande hytter i reservatet, så denne delen av punkt 5 er uaktuell.

Kap VI viser til dei tilhøve der fylkesmannen kan gje løyve etter søknad.

Punkt 1. Organisert ferdsel. Dette er å forstå som større organiserte arrangement til fots som ikkje har undervisning som formål.

Punkt 2. Nødvendig motorferdsel i samband med tiltak som er nemnt under kap. V, punkt 5. Vi tolkar dette som at motorferdsel kan tillatast òg ved vedlikehald av steingjerde og ferdselsårer.

Punkt 3. Vedhogst til eige bruk. Vedhogst skal skje som tynningshogst. Det skal ikkje gjevast løyve til hogst av kristtorn med unntak av der denne trugar kulturminne.

Kap VII opnar for at forvaltningsstyresmakta kan utføre skjøtselstiltak i det verna området.

Dette kapittelet saman med den nye NML § 47 gir òg løyve til bruk av motoriserte kjøretøy ved skjøtselstiltak i regi av forvaltningsstyresmakta.

Forståing av unntak frå forskrifta for Raudøya landskapsvernområde

Kap V i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Punkt 1. omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Dette omfattar likevel ikkje unntak for øving for nemnte formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltningsstyresmakta.

Punkt 2. Tradisjonell beiting. Dette opnar for beiting med husdyr som tradisjonelt har beita i reservatet. Dersom det skulle vise seg at dette fører til skadar på verneformålet kan Direktoratet for naturforvaltning regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.

Punkt 3. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet. Med dette forstås vi vedlikehald av våningshus, driftsbygningar, naust og stø, steingjerde og eldre ferdselsårer. Punktet opnar òg for vedlikehald av eksisterande hytter. Punktet gjeld ytre vedlikehald og omfattar ikkje nybygg, tilbygg og påbygg.

Punkt 4. Motorferdsel i samband med landbruksdrift. Med dette forstås vi motorferdsel til ordinær landbruksdrift.

Kap VI viser til dei tilhøve der fylkesmannen kan gje løyve etter søknad.

Punkt 1. Nødvendig motorferdsel i samband med tiltak som er nemnt under kap. V, punkt 3. Vi tolkar dette som at motorferdsel kan skje ved vedlikehald av våningshus, driftsbygningar, naust og stø, steingjerde og ferdselsårer.

Punkt 2. Klipping av kristtorn. Kristtorn er verna etter kap. V, punkt 2. Der kristtorn gjer skade på verneformål som fornminne og er ein del av attgroing av slåtte og beitemark bør den fjernast.

Punkt 3. Bygging av nye bygningar på gamle tufter i samanheng med eksisterande hus. Vi tolkar dette som at nye bygningar skal ha ein funksjon i forhold til landbruksdrift. Bygningar skal i tilfelle ikkje bryte med tradisjonell byggestil i form og størrelse.

Punkt 4. Bygging av naust. Vi tolkar dette til å omfatte naust i tradisjonell størrelse og byggestil med gavl vendt mot sjøen.

Punkt 5. Opplag av båt. Dette er å forstå som tidsavgrensa opplag av fritidsbåt.

Punkt 6. Oppdyrking av tidlegare dyrka mark. Eventuell oppdyrking skal planleggjast i samband med kommunen som landbruksmyndigheit.

Kap VII opnar for at forvaltningsstyresmakta kan utføre skjøtselstiltak i det verna området.

Dette kapittelet saman med NML § 47 gir òg løyve til bruk av motoriserte kjøretøy ved skjøtselstiltak i regi av forvaltningsstyresmakta.

Generell dispensasjonsheimel

Denne gjeld både naturreservatet og landskapsvernområdet.

Etter overgangen til naturmangfaldloven 1.juli 2009 gjeld no NML § 48 i staden for den generelle dispensasjonsparagrafen i verneforskrifter som er eldre enn dette.

Det betyr at saker om generell dispensasjon ikkje skal behandlast etter kap. VIII i verneforskriftene for Raudøya naturreservat og landskapsvernområde, men etter NML § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene sitt kap. VI gjelder framleis. NML § 48 er sitert nedst i vedlegg nr. 1b, verneforskriftene.

Retningsliner for saksbehandling

Punkta under syner generelle retningslinjer for all saksbehandling som gjeld Raudøya naturreservat og landskapsvernområde.

1. Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene både frå naturreservatet og landskapsvernområdet skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknader skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert behandla etter anna lovverk.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan gjerast om. Dersom forvaltningsstyresmakta ikkje gjer om vedtaket sitt skal klagen sendast Direktoratet for naturforvaltning for endeleg handsaming og vedtak.
4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Ørsta kommune, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn.

Behov for endring av forskrifta

Dette vil i tilfelle fylkesmannen samordne med andre verneområde i liknande verneplanar og behandle som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

6 FORVALTINGSPLANEN SI VARIGHEIT

Forvaltingsplanen for Raudøya naturreservat og landskapsvernområde gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedteken. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tek sikte på å gjere dette om lag kvart 10. år. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse ligg føre, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

7 REFERANSAR

- Aksdal, Siv, 1994. *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal*. Rapport 6-1994. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Artsdatabanken, 2006. *Norsk Rødliste 2006*.
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>. 15.08.09
- Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007*.
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>. 20.09.09
- Direktoratet for naturforvaltning, 2001. *Forvaltning av verneforskrifter*. Rundskriv, revidert februar 2010
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning*.
www.dirnat.no, 03.08.09.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 27 – Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv*. www.dirnat.no, 12.08.09.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1992. *Barlind og kristtorn i Vest-Norge*. Rapport 1992-10
- Folkestad, A.O., 2006. *Raudøya landskapsvernområde og naturreservat i Ørsta, Møre og Romsdal, skjøtselsplan*.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1999. *Utkast til verneplan for barlind og kristtorn i Vest-Norge, del Møre og Romsdal fylke*.
- Jordal, J.B., 2007. *Kartlegging av naturtyper i Ørsta kommune*. Rapport 1-2007. Ørsta kommune.
- Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.
- Norderhaug, A. 1991. *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Kap 10; Kystlynghei. Landbruksforlaget, Fagernes.
- Norsk institutt for naturforskning, 1991. *Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare*. NINA-utredning. Trondheim.
- NTNU, Vitenskapsmuseet, 2010. *Status for biologiske kvaliteter i Hammervatnet naturreservat 2010*. Rapport zoologisk serie 2010-7
- Universitetet i Bergen 1991. *Verneverdige førekomstar av barlind og kristtorn*. Rapport 50-1991

Nettsteder

- Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>
- Askeladden <http://askeladden.ra.no> (kulturminnebasen)
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. www.dirnat.no
- Lovdata, 2009. www.lovdata.no/
- Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>
- Naturnett. <http://www.naturnett.no/orsta>
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernavdelinga.

Vedlegg nr. 1a

Forskrift om fredning av Raudøya som naturreservat, Ørsta kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 13. oktober 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

- I I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jf § 10 og §§ 21, 22, 23, er eit område med kristtorn i Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 13. oktober 2000 under namnet Raudøya naturreservat.
- II Det freda området femner om gnr./bnr.: 64/1,2,4. Reservatet dekkjer eit areal på 78 dekar. Grensene for naturreservatet er vist på kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2000. Kartet og forskrifta vert lagra i Ørsta kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet.
Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka der dei går over land. Knekkpunkta skal koordinatfestast.
- III Føremålet med fredinga er å sikre eit naturmiljø med ein stor og vital førekomst med kristtorn i Møre og Romsdal.
- IV For reservatet gjeld følgjande reglar:
 1. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting og såing av tre og buskar er ikkje tillate.
 2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging.
 3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogn, brakke o.l., opplag av båt, framføring av kloakkleidningar og luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
 4. Idrettsarrangement, jaktprøver og organisert bruk av naturreservatet er forbode. Dette gjeld likevel ikkje organisert ferdsel i reservatet i samband med undervisning.
 5. Bruk av sykkel, hest og kjerre og organisert riding utanom eksisterande vegar er forbode.
 6. Motorisert ferdsle er forbode, inkludert start og landing med luftfartøy.
- V Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:
 1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning, medrekna naudsynt motorferdsel i desse høve.
 2. Sanking av bær og matsopp.
 3. Jakt og fiske.

Forvaltningsplan for Raudøya

4. Tradisjonell beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
5. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet. Vedlikehald av eksisterande hytter.

VI Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Organisert verksemd.
2. Nødvendig motorferdsel i samband med tiltak nevnt under kap. V pkt. 5.
3. Vedhogst til eige bruk.

VII Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gir fullmakt, kan gjennomføre skjøtsel for å fremje føremålet med fredinga, herunder kanalisering av ferdsel. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselen.

VIII NB: Dette kapitlet går ut og erstattast av § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfald.

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga tilseier det, samt for vitenskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi og i særlege tilfelle om det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

IX Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.

X Denne forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg nr. 1b

Forskrift om vern av Raudøya som landskapsvernområde med plantelivsfreding, Ørsta kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 13. oktober 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, jf. § 6, § 13 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5, jf § 6, § 13 og §§ 21, 22, 23, er eit område i Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke verna som landskapsvernområde med plantelivsfreding av kristtorn ved kgl.res. av 13. oktober 2000 under namnet Raudøya landskapsvernområde.

II Landskapsvernområdet femner om gnr./bnr.: 64/1,2,3,4. Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på 380 dekar. Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2000. Kartet og forskrifta vert lagra i Ørsta kommune, hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka der dei går over land. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

III Føremålet med vernet er å sikre kultur- og naturlandskapet på Raudøya og holmane ikring.

IV For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter, er forbode; slik som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogn, brakke o.l., opplag av båt, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, som bygningar, gamle vegar m.v., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, nydyrking, fulldyrking, planting og såing av buskar og tre, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrert ureining m.v. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

Endring i den naturlege samansetnaden av treslag ved skogkultur er forbode.

Flatehogst er forbode.

2. Kristtorn er freda mot skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje førast inn.

3. Motorisert ferdsle er forbode, inkludert start og landing med luftfartøy.

V Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning, medrekna naudsynt motorferdsel i desse høve.

2. Tradisjonell beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av verneområdet.

3. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet. Vedlikehald av eksisterande hytter.

4. Motorferdsel i samband med landbruksdrift.

- VI Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:
1. Nødvendig motorferdsel i samband med tiltak nemnt under kap. V pkt. 3.
 2. Klipping av kristtorn.
 3. Bygging av nye bygningar på gamle tufter i samband med eksisterande hus.
 4. Bygging av naust.
 5. Opplag av båt.
 6. Oppdyrking av tidlegare dyrka mark.
- VII Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gir fullmakt, kan gjennomføre skjøtsel for å fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselen.
- VIII NB: Dette kapittelet går ut og erstattast av § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfald.**
- Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med vernet tilseier det, samt for vitskapelege undersøkingar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi og i særlege tilfelle om det ikkje strir mot føremålet med vernet.
- IX Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.
- X Denne forskrifta trer i kraft straks.

Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven)

§ 48. *dispensasjon fra vernevedtak*

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtaket sitt formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Forvaltingsplan for Raudøya



Forvaltingsplan for Raudøya

Vedlegg nr. 3 Planteliste, 190 artar (etter A.O. Folkestad 2006)

Skogsnelle		Jonsokblom	
Einstape		Strandsmelle	
Hengeveng		Soleihov	
Blankburkne		Grøftesoleie	
Skogburkne		Engsoleie	
Ormetelg		Krypsoleie	
Geittelg		Kvitveis	
Bjønnekam		Gjetartaske	
Sisselrot		Skjørbuksurt	
Furu		Engkarse	
Bergfuru	planta	Bitterbergknapp	
Gran	planta	Kystbergknapp	
Sitkagran	planta	Rips	forvilla
Einer		Solbær	forvilla
Selje		Hegg	
Øyrevier		Kirsebær	forvilla
Pil	forvilla	Plomme	forvilla
Osp		Rogn	
Pors		Tågebær	
Låglandsbjørk		Bringebær	
Bjørk		Myrhatt	
Dvergbjørk		Gåsemure	
Gråor		Tepperot	
Svartor		Enghumleblom	
Hassel		Mjødurt	
Stornesle		Marikåpe	
Rabarbra	forvilla	Bustnype	
Høymole		Kjøtnype	
Krushøymole		Rynkerose	
Byhøymole		Kvitkløver	
Engsyre		Raudkløver	
Småsyre		Tiriltunge	
Tungras		Fuglevikke	
Vanleg hønsegras		Gjerdevikka	
Raudt hønsegras		Skogstorknebb	
Vass-slirekne		Heiblåfjør	
Harerug		Platanlønn	forvilla
Tangmelde		Hestekastanje	planta
Flikmelde		Kristtorn	
Linbendel		Fagerperikum	
Grasstjerneblom		Firkantperikum	
Skogstjerneblom		Rundsoldogg	
Vassarve		Stemorsblomst	
Hanekam		Myrfiol	
		Skogfiol	
		Krattmjølke	
		Skrubbær	
		Hundekjeks	

Forvaltingsplan for Raudøya

Karve	Løvetann
Jordnøtt	Hårsveve
Skvallerkål	Fjøresaulauk
Strandkjeks	Ålegras
Sløke	Kysttjønnaks
Kvitlyng	Strandrør
Mjølbær	Gulaks
Klokkelyng	Timotei
Røsslyng	Engreverumpe
Tytebær	Knereverumpe
Blokkebær	Engkvein
Blåbær	Krypkvein
Krekling	Englodnegras
Kusymre	Krattlodnegras
Skogstjerne	Sølvbunke
Strandkryp	Smyle
Fjørekoll	Hestehavre
Ask	Hengeaks
Jonsokkoll	Blåtopp
Skjoldberar	Hundegras
Blåkoll	Tunrapp
Kvassdå	Fjøresaltgras
Legeveronika	Mannasøtgras
Tveskjeggveronika	Raudsvingel
Stormarimjelle	Geitsvingel
Augnetrøyst	Finnskjegg
Kystmyrklegg	Kveke
Groblad	Strandrug
Smalbladkjempe	Torvull
Strandkjempe	Duskull
Klengemaure	Kystbjønnskjegg
Kystmaure	Harestarr
Linnea	Stjernestarr
Vivendel	Havstarr
Svarthyll	Saltstarr
Raudhyll	Fjørestarr
Vendelrot	Slåtestarr
Blåknapp	Stolpestarr
Blåklokke	Beitestarr
Gullris	Heistarr
Tusenfryd	Kornstarr
Strandstjerne	Flaskestarr
Kattefot	Lyssiv
Ryllik	Knappsiv
Strandbalderbrå	Heisiv
Myrtistel	Saltsiv
Kvitbladtistel	Ryllsiv
Kystgrisøyre	Rome
Følblom	Flekkmarihand

Vedlegg nr. 4 Fugleartar registrert (A. O. Folkestad 2006)

Havsule	i Vartdalsfjorden
Storskarv	vanleg vintergjest
Toppskarv	fåtalig
Gråhegre	tidlegare årviss koloni i plantefelt på Instøya til 2003
Songsvane	vintergjest
Grågås	årleg hekkefugl
Stokkand	mogleg hekkefugl
Ærfugl	årleg hekkefugl
Siland	årleg hekkefugl
Havørn	1 par hekkar årleg (2003-2005)
Hønsehauk	
Sporvehauk	
Fjellvåk	relativt vanleg å sjå, hekkar på fastlandet
Kongeørn	
Jaktfalk	er observert ei rekkje gonger i området, bl.a. jaktande sommarstid.
Vandrefalk	er også observert fleire gonger og er bl.a. notert som hekkande i nærleiken
Orrfugl	
Åkerrikse	er notert spelande og truleg hekkande på Ytsteøya fleire år på 1990-talet
Tjeld årviss	hekkefugl
Heilo	vårgjest
Vipe	tidlegare hekkefugl
Fjøreplytt	vintergjest
Enkeltbekkasin	hekkefugl
Rugde	hekkefugl
Storspove	hekkefugl
Raudstilk	hekkefugl
Gluttsnipe	trekkgjest
Strandsnipe	hekkefugl
Tjuvjo	hekka i tidlegare tider
Hettemåse	hekkefunn på Blægja
Fiskemåse	hekkefugl
Sildemåse	hekkefugl
Gråmåse	hekkefugl
Svartbak	hekkefugl
Krykkje	vanleg
Makrellterne	hekkefugl, spesielt på Blægja og Kobbeskjeret
Raudnebbterne	hekkefugl på Blægja og Kobbeskjeret
Lomvi	regelmessig gjest, særleg i vinterhalvåret, men og sommarstid
Alke	
Teist	hekka i tidlegare tider både på Raudøyholmen òg på Raudøya.
Alkekonge	regelmessig vintergjest
Lunde	
Ringdue	mogleg hekkefugl
Gauk	truleg hekkefugl
Tårnseglar	
Gråspett	
Flaggspett	

Forvaltingsplan for Raudøya

Songlerke	registrert syngande over Ytsteøya og kan truleg finnast hekkande
Låvesvale	hekkefugl
Sandsvale	
Taksvale	
Trepiplerke	truleg hekkefugl
Heipiplerke	vanleg hekkefugl i heiområda, særleg på Ytsteøya
Skjerpipplerke	regelmessig hekkefugl i området ved Tongane.
Linerle	årleg hekkefugl.
Jarnsporv	openberr hekkefugl
Gjerdsmett	truleg hekkefugl
Raudstrupe	registrert relativt vanleg syngande og er openberr hekkefugl.
Steinskvett	tidlegare hekkefugl
Ringtrost	
Svarttrost	fleire par hekkar årleg.
Gråtrost	truleg hekkefugl enkelte år
Måltrost	openberr hekkefugl
Raudveng	openberr hekkefugl
Gulsongar	mogleg hekkefugl
Tornsongar	høyrte syngande og er tydelegvis hekkefugl i buskområda på øya
Munk	mogleg hekkefugl
Gransongar	truleg hekkefugl
Lauvsongar	vanleg hekkefugl
Fuglekonge	
Stjertmeis	mogleg hekkefugl
Lauvmeis	truleg hekkefugl
Granmeis	truleg hekkefugl
Blåmeis	mogleg hekkefugl
Kjøtmeis	truleg hekkefugl
Spettmeis	mogleg hekkefugl
Trekrypar	
Skjor	tidlegare hekkefugl
Kråke	hekkar med fleire par.
Ramn	hekkar ikkje på øya, men fugl på næringssøk opptre dagleg
Stare	hekkefugl frå gammalt av
Bokfink	truleg hekkefugl
Bjørkefink	
Grønfinke	truleg hekkefugl
Grønisisik	
Bergirisk	truleg hekkefugl enkelte år
Brunsisik	truleg hekkefugl
Gråsisik	mogleg hekkefugl enkelte år
Furukorsnebb	
Dompap	
Lappsporv	

91 fugleartar påvist totalt, av desse 59 artar påvist eller sannsynleg hekkande.

Vedlegg nr. 5 Pattedyr (A.O. Folkestad 2006)

Hare	ekskrement på Instøya, sett spor vinterstid på Ytsteøya
Mink	vanleg, ynglande
Oter	vanleg. Fleire hiplassar: På nordsida av Ytsteøya, aust for Kobbeskjeret og på Raudøyholmen
Steinkobbe	vanleg, men einskildindivid
Havert	sjeldan
Storkobbe	tilfeldig, 1 ind. 2003
Hjort	regelmessig gjest
Grindkval	opptrer flokkvis sommarstid
Nise	vanleg

9 artar påviste



Figur 21 Er du heldig får du sjå steinkobbe langs Raudøya. Foto: Espen Lie Dahl

Forvaltingsplan for Raudøya





Driftfoto over Raudøya 2010

Raudøya

landskapsvernområde og naturreservat

Velkommen som gjest!

Landskapsvernområdet vart oppretta i 2000. "Føremålet med vernet er å sikre kultur- og naturlandskapet på Raudøya og holmane ikring." Ein del av utmarka på øya, med særleg stor tettleik av kristtorn, er verna som naturreservat. Øya er 425 dekar. Det høgste punktet på inste øya er 39,5 m.o.h., på ytste øya 25,5 m.o.h. Raudøyholmen er 30 dekar stor, og det høgste punktet er 27,5 m.o.h.



Raudøya 1956



Raudøya 2009

Friluftsliv

Raudøya er tilgjengeleg for alle, og det er meininga å nytte Raudøya så langt som friluftsliv ognar for. Den inste delen av Raudøya er jamvel kjøpt inn som friluftsområde av staten, slik at folk skal ha tilgang. Det er gjort tilretteleggingsritak i form av gjestebrygge, skilling, bålplassar, stiar og liknande.

Kulturminne

På øya vil du finne spor etter menneske frå ulike tider. Gravrøyser frå bronsealder og jernalder er freda, slik alle kulturminne frå tidene før reformasjonen er. Det betyr mellom anna at det er forbode å flytte eller fjerne stein frå dei, eller grave i dei. Yngre kulturminne er også historieforteljarar og vel verdi å ta vare på. Akkurat her du står, er det samla stein i ei flate - her vart klippfisk lagt ut til turk. Ta omsyn til kulturminna, fjern ikkje stein.

Kulturlandskapet

I kulturlandskapet vil vi kunne sjå slåtteng, lynghei, beitehage og frukthage. Steingsardane ogvrennar dei ulike delane, og vart sette opp for å halde styr på husdyra. Tidlegare gjekk det meste av beite før seg i utmarka. Innmarka var for verdfull, og måtte nyttast for å sikre vinterføret.

Vi ser av bilera frå ca 1956 og frå 2009 at det har skjedd ei vesentleg atngroing. Tå dømes er vasshof i ferd med å gro itt. Eit ope kulturlandskap krev innsats med slått, høgst, husdyrbeite og brenning.

Busetnad

Ved folketeljinga i 1801 budde det 9 menneske på Raudøya. 5 av dei høyrde til på gardsbruket, 4 i husmannsfamilien. – Ved folketeljinga i 1865 budde det 11 menneske på Raudøya og Raudøyholmen, i 1875 26, og i 1900 var folketallet 14. Dei siste som budde på ytste øya, var Joakin Raudøy, kona Oddlaug og sonen Raskar. Raskar vart fødd i 1955, og like før jul i 1956 flytta dei frå Jakobgården på ytste Raudøya til Grevika. På inste øya budde systena Amanda og Petter Raudøy òlneine før også dei flytta over til fastlandet i 1962.

Setring

Gardane på Raudøya hadde sel på Liadalssetra saman med gardane utanfor Liadalselva. Dyra vart frakta med båt over til Liadalsfjæra, og Raskar Raudøy Sætre fortalte under grendvandringa i 1997, at det aldri var noko problem å frakte dei: "Der kom av seg sjelve når dei såg båten!"

Dyr og fugl

Området ved Raudøya har eit rikt fugleliv. I seinare tid har talet på nokre artar gått ned, medan talet på andre artar har auka. Nokre artar er forsvunne heilt, medan nye er dukka opp. Dette mellom anna som følge av endra bruk av landskapet.

Artar som er avhengig av menneskeleg aktivitet har vorte sjeldnare, eller heilt borte, slik som åkerrikke. Skogen som blir stadig eldre, med mykje rottande tre, er blitt eit framfrå leveområde for artar som kvitryggspett og gråspett, som er sjeldne på landsbas.

Av pattedyr er sjansen størst for å treffe på otter. Otteren lagar tydelege stiar som kan sjåast mange stader på øya. Det streifar også innom ein og annan fjort, men berre på kort viltst, og vi veit ikkje om han har fast tilhald på øya.




Tegning: Arne Kjørstevn

Mus og overtru

Det er eit faktum at folk drog til Raudøya for å få med seg mold heim! Ivar Grøvik skreiv i 1954: "På Raudøya skal det ikkje finnast korkje rotter eller mus, dei gamle sa at mus tolde ikkje molda på Raudøya. Han sa at i gamle dagar kom folk til Raudøya og hente mold som dei hadde på støbburs-gaiva slik at musene skulle styggest der i frå."

Forvaltning

Forvaltning av verneområda er lagt til Fylkesmannen i Møre og Romstal. Alle spørsmål skal rettast til Fylkesmannen, miljøvernavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde, tlf. 712 58 443.



Forvaltingsplan for Raudøya

Vedlegg nr. 8a. Samleskjema for ulike tiltak i Raudøya naturreservat i perioden 2012 - 2017

Tiltak	Prioritet	Ansvarleg	Finansiering	Fristar	Merknad
Rydding og tynning av skog for å fristille kristtorn. Restaurere steingard, supplerande inngjerding. Svak beiting	Høg	SNO/Fylkesmannen	DN	2013	Bevaringsmål VV00000553-1 Skogryddinga høver for Ørsta ungdomsskole, avd. Liadal. Beiting kan avtalast med Raudøy Villsau DA
Rydding og tynning av skog for å fristille kristtorn. Restaurere steingard, supplerande inngjerding. Svak beiting	Høg	SNO/Fylkesmannen	DN	2013	Bevaringsmål VV00000553-2 Skogryddinga høver for Ørsta ungdomsskole, avd. Liadal. Beiting kan avtalast med Raudøy Villsau DA
Rydde gravrøysa inne i kristtornreservatet for buskar og tre	Middels	Fylkesmannen/Møre og Romsdal fylkeskommune	Møre og Romsdal fylkeskommune	2012	Gravrøysa er i ferd med å gro igjen. Høveleg arbeid for Ørsta ungdomsskole, avd. Liadal. Samarbeid med MR-fylkeskommune
Beiting delar av året. Vurdere behov for inngjerding	Middels	SNO/Fylkesmannen	DN	Når avtale ligg føre	Bevaringsmål VV00000553-3 Beiting avtalast med Raudøy Villsau DA

Då ein ikkje veit når dei ulike tiltaka vert gjennomførde og kostnadane er vanskelege å berekne er tiltaka ikkje prissett.

Forvaltingsstyresmaktene er òg avhengige av dei årlege løyvingane for at tiltaka kan gjennomførast.

Forvaltingsplan for Raudøya

Vedlegg nr. 8b. Samleskjema for ulike tiltak i Raudøya landskapsvernområde i perioden 2012 - 2017

Tiltak	Prioritet	Ansvarleg	Finansiering	Fristar	Merknad
Oppretthalde dagens skjøtsel med slått og beite på Ytsteøya. Vurdere lyngbrenning	Høg	SNO/Samarbeid med grunneigarane	DN/landbruk	Kontinuerleg	Bevaringsmål VV00000576-1 Viktig at beitinga held fram og helst vert utvida. Lyngbrenning må avklarast med fylkeskommunen.
Rydding og slått av innmarka på Instøya	Høg	SNO/Samarbeid med Ørsta kommune	DN	Kontinuerleg	Bevaringsmål VV00000576-2 og 3
Rydde småplanter av sitkagran og andre tre i kystlyngheia på Ytsteøya.	Høg	SNO/Samarbeid med grunneigarane	DN	Snarast	Bevaringsmål VV00000576-4
Rydding av skog og kratt på Blæja	Høg	SNO/Samarbeid med grunneigarane	DN	2012	Bevaringsmål VV00000576-6
Felle grana mellom fyrlykta og sjøen på Raudøyholmen	Middels	SNO / Samarbeid med grunneigarane	DN	2013	Bevaringsmål VV00000576-5
Halde fram med restaureringsarbeidet på bygningane på Gnr.64/1	Høg	Ørsta kommune v/Ørsta ungdomsskole	Spleiselag?	Etter kapasitet	Samarbeid Ørsta kommune / MR-fylkeskommune ved fylkeskonservatoren og SNO
Rydding rundt naust/telt/bålplass	Etter behov	Ørsta ungdomsskole	SNO	Årleg	Det bør etablerast avtale med SNO og Ørsta kommune
Slå teltplass 3-4 gonger i året	Middels	Ørsta ungdomsskole	SNO	Årleg	Bør ha avtale SNO og kommunen
Renovasjon – søppel langs fjøra og generelt	Etter behov	Ørsta ungdomsskole	SNO	Årleg	Gjeld både landskapsvernområdet og naturreservatet, etter behov

Då ein ikkje veit når dei ulike tiltaka vert gjennomført og kostnadsoverslag er vanskeleg å berekne er tiltaka ikkje prissett. Forvaltningsstyremaktene er òg avhengig av storleiken på dei årlege løyvingane frå staten for at tiltaka kan gjennomførast.

Vedlegg nr. 9: Saksbehandling av forvaltningsplanen for Raudøya naturreservat og landskapsvernområde

Høyring:

Forvaltningsplanen har vore på høyring til grunneigarar, organisasjonar, næringsaktørar og forvaltningsorgan i tida frå 17.10. til 15.12.2011. Høyringa vart kunngjort i lokalavisene 22.10.2011. Det kom 3 merknader til planen:

Reidun Stette, Oddrun Hjelle og Kirsten Furnes er tre av grunneigarane på gnr 64 bnr 2 og 4. Dei presiserer at eigedommen er skifta. Det statleg sikra friluftsområdet omfattar ikkje bnr 2 slik det går fram av kart nr. 2. Bnr 4 er ikkje med i naturreservatet slik forskrifta kan tyde på. Dei oppfattar det også slik at det er eit mål å auke kristtornbestanden med 50 % på bnr 4. Til slutt føreset dei at grunneigarane vert kontakta dersom det vert aktuelt å lage ei stitrasé vestover øya.

Fylkesmannen vil rette opp kartet og omtalen av statusen til eigedommen vedr. skifte. Vi ser også at det er feil i begge forskriftene. Gnr/bnr 64/4 er ikkje med i reservatet, medan 64/5 har falle ut av landskapsvernområdeforskrifta. Dette vert teke opp med Direktoratet for naturforvaltning ved første høve. Kartet på side 16 gjeld bevaringsmåla for landskapsvernområdet, og det er kartet på side 18 som gjeld naturreservatet. Merknaden på dette pkt. må skuldast ei misforståing. Grunneigarane vil bli kontakta om det vert aktuelt å legge ein sti over øya, og ved andre større skjøtselstiltak.

Ørsta kommune etterlyser ei forsikringsordning for utstyr og bygningar i det statleg sikra friluftsområdet. Kommunen vil vere aktiv i skjøtselen av området, og foreslår at det vert etablert ei stifting for drifta av Raudøya. Dei saknar ei betre avklaring av om tiltaka i skjøtselplanen til Folkestad treng ytterlegare avklaring etter verneforskriftene.

Kommunen aksepterer at ein framtidig tursti over Raudøya kan skyvast fram i tid. Det er behov for ein enkel sti fram til toalettet. Til slutt foreslår kommunen å tidfeste beitinga på innmarka slik at det ikkje vert konflikter med friluftslivet. Det er betre å slå markene på sommaren, og beite vår og haust.

Fylkesmannen vil avklare sin rolle som representant for grunneigaren av friluftsområdet i ein annan samanheng. Vi støttar etablering av ein robust og fleksibel organisasjon for drifta av Raudøya, men kan ikkje forskottere økonomiske bidrag. Etter vårt syn er dei fleste tiltaka i skjøtelsplanen omfatta av forvaltningsplanen, anten som tiltak, eller at tolkinga av verneforskrifta opnar for desse. Vi har ikkje gått vidare med tiltaka som går på endring av verneforskrift m.v.

Fylkesmannen ser det som gunstig å ha eit beiter regime utan konflikt med slått og friluftsliv, og støttar kommunen i dette. Dette bør avklarast i dialog med dyreeigarane.

Møre og Romsdal fylkeskommune hevdar at planen på fleire hald ikkje syner likeverd mellom naturmangfaldlova og kulturminnelova, m.a. ved at rydding av skog rundt kulturminne er søknadspliktig. Planen bør vise til databasen Askeladden.

Skjøtsel av kulturminne bør inngå i forvaltningsplanen, og dei ønskjer at det vert sett opp bevaringsmål og tiltak for 3 gravrøyser i naturreservatet. Dei peikar på misforhold mellom

Forvaltingsplan for Raudøya

prioriteringsnivå for bevaringsmål og tilhøyrande tiltak på gravrøyser i naturreservatet. Lyngbrenning på Ytsteøya må ta omsyn til gravrøyser og ei steinsetting der. Ørsta ungdomsskole bør trekkast inn i skjøtselen av gravrøysene. Dei ønskjer betre markering av gravrøysene, og ei evt. skilting på Rjåneset bør nemne gravrøysene.

Fylkeskommunen reknar med at kulturminneforvaltninga sin skjøtsel av kulturminna ikkje er søknadspliktig, men går inn under unntaket i verneforskriftene sitt pkt. nr. V om unntak for skjøtsel og forvaltning. Dette bør stå tydeleg i planen.

Ved bygging på tufter bør det vere eit krav at det skal vere ein kopi av det som har stått der før.

Fylkesmannen ser klårt at Raudøya har store verdiar innan naturmangfald og kulturminne. Dette er særleg uttrykt i verneføremålet til landskapsvernområdet, og naturmangfaldlova har også bestemningar om dette, jf. § 33 f) og § 36. Naturreservat har ikkje slike bestemningar om kulturlandskap og kulturminne. Det kan difor ikkje fastsetjast bevaringsmål for naturreservatet som gjeld kulturminne, i motsetnad til landskapsvernområdet.

Verneforskriftene i landskapsvernområdet hindrar ikkje uttak av andre tre og buskar enn kristtorn, så lenge det ikkje skjer flatehogst. Kulturvernstyresmaktene kan difor skjømte kulturminna her. I naturreservatet må ein ta sterkare omsyn til vegetasjonen, og uttak må ha løyve. Kulturvernstyresmaktene kan i likskap med andre forvaltningsstyresmakter ikkje bruke heimelen i verneforskriftene pkt. V, 1) til å gjennomføre skjøtsel og forvaltningsoppgåver, t.d. tiltak etter kulturminnelova § 11. Dette gjeld oppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta; dvs. for verneområdet, sjå rundskriv «Forvaltning av verneforskrifter», DN 2010. Fylkesmannen ser at slike spørsmål best kan løysast gjennom tett dialog mellom styresmaktene.

Vi har justert planen på punkt om informasjon og lyngbrenning.

Fylkesmannen vil legge fram evt. søknader om oppattbygging på gamle tufter for kulturminneforvaltninga, og vil leggje stor vekt på den faglege fråsegna derifrå.

Bilete frå det positive arbeidet Ørsta ungdomsskole, avd. Liadal gjer i kulturlandskapet.
Foto: Frank Velle



Landfeste med merke pussa og måla



Slått for første gong på 40 år er tungt



Gammal hagemark blir rydda for tre



Naustet har fått nytt tak



Løveggen før



Løveggen i dag